



# SLT

Samordning av lokale rus- og  
kriminalitetsforebyggjande tiltak

## Verksemdsplan



# VINJE KOMMUNE

## 2018 – 2021

Erstattar SLT Verksemdsplan 2014 – 2017, vedteken i OVU 25.09.13, utv.nr 13/25  
Godkjend av SLT Arbeidsutvalet – Haust 2018  
Godkjend i OVU 03.12.18, utv.nr 18/26, løpenr. ePhorte 23984/2018, sak 2018/1649  
Vedteken i KS 13.12.18, utv.nr 18/99, løpenr. ePhorte 23984/2018, sak 2018/1649

# Innhold

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>side 3</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>side 4</b>
Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande Tiltak.....	side 4
<b>ORGANISERING SLT</b> .....	<b>side 5</b>
Figur 1: SLT modellen i Vinje.....	side 5
SLT koordinator.....	side 5
<i>Radikaliseringskontakt</i> .....	side 6
Styringsgruppa/Politiråd.....	side 6
<i>Politirådsavtale</i> .....	side 7
<i>Samarbeidsavtale kommune og politi</i> .....	side 7
Arbeidsutvalet/Nettverksgruppa.....	side 7
Øvrige fora/team/tenestar.....	side 7
<i>Barneteamet</i> .....	side 7
<i>TIBIR</i> .....	side 7
<i>COSP – Circle of security</i> .....	side 8
<i>Skulehelseteam</i> .....	side 8
<i>SLT Arbeidsutval/nettverksgruppe</i> .....	side 8
<i>SLT Styringsgruppe</i> .....	side 8
<b>KORLEIS FØREBYGGJE I VINJE</b> .....	<b>side 8</b>
Vinjeungdomen 2018!.....	side 8
Primærførebyggjande arbeid.....	side 8
Sekundærførebyggjande arbeid.....	side 8
Tertiærførebyggjande arbeid.....	side 8
<b>MÅL</b> .....	<b>side 9</b>
Mål for SLT.....	side 9
Slik gjer me det.....	side 9
<b>MÅLGRUPPE</b> .....	<b>side 9</b>
<b>VINJE SLTs SATSINGSOMRÅDER 2018 – 2021</b> .....	<b>side 9</b>
Kva avgjer satsingsområda.....	side 9
Hovudsatsing fram mot 2021.....	side 10
<b>LOVVERK</b> .....	<b>side 11</b>
FNs barnekonvensjon.....	side 11
Oversyn lovar.....	side 11

Plan –og bygningslova.....	side 11
Forvaltningslova.....	side 11
Lov om barneverntenester.....	side 11
Helse –og omsorgstenestelova.....	side 11
Helsepersonellova.....	side 11
Lov om endringar i pasient –og brukarrettslova, helsepersonellova m.m.....	side 11
Politolova.....	side 11
<b>PLANVERK.....</b>	<b>side 12</b>
Kommuneplanens samfunnsdel 2016 – 2035.....	side 12
Kommunedelplan for helse –og omsorg 2017 – 2030.....	side 12
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2016 – 2019.....	side 12
Alkoholpolitiske retningsliner 2016 – 2020.....	side 12
SLT Tiltaksplan.....	side 13
SLT Undervisningsplan.....	side 13
<b>STYRKAR, SVAKHEITER, MOGLEGHEITER OG TRUGSLAR FOR SLT.....</b>	<b>side 14</b>
Styrkar.....	side 14
Svakheiter.....	side 14
Moglegheiter.....	side 14
Trugslar.....	side 14
<b>KJELDER.....</b>	<b>side 15</b>

## SAMANDRAG

SLT står for Samordning av Lokale rus –og kriminalitetsførebyggjande Tiltak. SLT modellen skal sikre at dei førebyggjande ressursane i kommunen blir samkøyrde. Slik speglar SLT ei tverretatleg *samordning*. Modellen er forankra i kommunen og politiet.

Det eksisterar ulike former for førebyggjande arbeid

- Primærførebyggjande – generell førebyggjing/kampanjer
- Sekundærførebyggjande – strategiar/tiltak mot einskildpersonar eller grupper det blir knytt bekymring til
- Tertiærførebyggjande – «brannsløkking» - strategiar/tiltak for hindring av negative verknader av utfordringar

I høve vår hovudsatsing rundt *køyring i ruspåverka tilstand*, er me inne på tertiærførebyggjande arbeid.

Målet til Vinje SLT er at *gjennom ei forpliktande samordning skal SLT sjå til at barn og unge har trygge oppvekstvilkår*.

Den generelle målgruppa er barn og unge under 18 år, og spesielt dei som er i ein vanskeleg og utfordrande livssituasjon. Det er absolutt naudsynt at foreldre/føresette er med på laget.

For å utøve godt og kvalitetssikra førebyggjande arbeid, er det viktig med godt oversyn over ungdomsmiljøet i kommunen. Dette vil også vera noko av bakgrunnen for å setje i verk aktuelle tiltak. Ungdataundersøkinga som blir utført kvart tredje år, er med på å danne oversikt over stoda, i tillegg til kunnskapane blant medlemane i SLT. Slik blir det også enklare å definere ei hovudsatsing for samordninga i eit 3 – års perspektiv.

Hovudsatsinga til Vinje SLT er å «*setje inn større tiltak på førebyggjing av køyring i ruspåverka tilstand. I det ligg også at rådet ber politiet prioritere fleire kontrollar*».

(Satsinga er vedtak i SLT Styringsgruppa, Politiråd 27.sept 2018. Bakgrunn; resultat av funn i Ungdata undersøkinga 2018.)

SLT er sett saman av ulike etatar og einingar, og ein har såleis ulike lovverk å forhalde seg til.

Når det gjeld andre kommunale planar, er det viktig å sjå eit samband med desse, dømesvis *kommuneplanens samfunnsdel*. Med utgangspunkt i at **Vinje skal vera ein god stad å vera for alle**, må ein jobbe målretta for å sikre dette. Vinje SLT sørger fyrst og fremst for å få ein god informasjonsdeling mellom dei involvera partane i arbeidsgruppa. Deretter definerar utvalet eventuelle utfordringar, avgjer *kven* som skal jobbe med det/ *kven* som skal «eige» utfordringa (eining/etat), og *korleis* ein skal jobbe vidare med utfordringa/-ne.

## INNLEIING

### Samordning av Lokale rus –og kriminalitetsforebyggjande Tiltak

SLT - modellen blei utvikla av KRÅD (*Det Kriminalitetsforebyggende Råd*) etter inspirasjon frå den danske modellen SSP (*Skole, Social, Politi*). I dag er det KFK (*Kompetansesenter For Kriminalitetsforebygging*) som er ansvarlege for oppfølging av kommunane, og SLT blir nytta av om lag 200 norske kommunar. SLT er meint for å sikre at ressursane som allereie er til stades i kommunen, blir meir samkøyrde og målretta.


I samband med forebyggjing av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, er eitt av tiltaka frå sentralt hald at politiråda og SLT også skal koordinere dette arbeidet lokalt. Med bakgrunn i dette, blei SLT koordinator oppnevnt som *radikaliseringskontakt* for ei tid attende. I praksis blir det gjort tiltak dømesvis i førekant av den årlege 17.mai feriringa

Samordningsmodellen knyt det lokale politiet tett saman med dei kommunale einingane og etatane, og sikrar samarbeid mellom fagpersonar og den øvste kommuneleiinga. Modellen skal koordinere kunnskap, kompetanse og ressursar mellom politiet og kommunale einingar. Den tek også høgde for at næringsliv og friviljuge organisasjonar kan inkluderast i dette arbeidet. F.o.m 2018 har me fått næringslivsrepresentant i politiråd/styringsgruppa, samt leiar for frivilligsentralen.

Nytt frå 2017 er at SLT *arbeidsutvalet* i tillegg skal fungere som «nettverksgruppe», etter eit pålegg om at politiet skulle ha ei slik type gruppe å samhandle med på skulane. Sidan me i Vinje har eit godt etablert samarbeid gjennom SLT, fekk me løyve til å nytte *arbeidsutvalet* som *nettverksgruppe*.

## ORGANISERING SLT

Figur 1: SLT modellen



### SLT koordinator

I Vinje kommune er *SLT koordinator* lagt til *ungdoms –og fritidsleiar* stillinga, under Eining for kultur. SLT koordinator utgjør 30 prosent av stillinga.

Koordinatoren skal fungere som ein primus motor for sjølve samarbeidsmetoden, men også ein pådrivar i alle ledd av samordninga. SLT - koordinatoren bør ha ei viss tilknytning til rådmannsteamet for at han/ho skal få den autoriteten som ofte er naudsynt.

### *Radikaliseringskontakt*

SLT koordinatør blei også for nokon år attende, oppnemnt som *radikaliseringskontakt*. Om ikkje Vinje er den største tettstaden, vil politiet gjerne ha ein kontakt i kommunen dei kan henvende seg til ved til dømes eit endra trusselbilete.

I Vinje gjerast det til dømes tiltak i førekant av 17.mai feiringa. Då gjerast det ei kartlegging, i samråd med politiet, av kvar feiringane skjer, tidspunkt og stad for tog. Brannvesen blir kontakta for å vera i beredskap og for eventuell sperring av vegar som eit tryggleikstiltak.

### Styringsgruppa/Politiråd

Gruppa fungerer også som *Politiråd*, som er «*et samarbeidsforum mellom den øverste ledelsen i kommunen og politiet*» (KFK – Kompetansesenter For Kriminalitetsforebygging)

*Styringsgruppa skal etablere dei overordna rammene for kommunen sin totale innsats for førebyggjing av rus, kriminalitet og ekstremisme.*

Dette gjeld

- *kartlegging*
- *drøfting av verksemda*
- *utarbeiding av målsetjingar*
- *evaluering*

For å lukkas med det tverretatlege samarbeidet, må SLT forankrast på høgste nivå i kommunen. Det må ligge ei bevisst politisk vilje bak. Våren 2013 blei det vedteke at *Politirådet* i Vinje også er *Styringsgruppa* i SLT. Dette er praksis i ein del andre kommunar også. *Politiråd* består av formannskapet, lokalt politi, SLT koordinatør, næringslivsrepresentant og leiar for frivillighetsentralen.

Det er styringsgruppa si sentrale oppgåve å innarbeide dette arbeidet i det lokale planverket. SLT - arbeidet skal ikkje vera eit tillegg til, men ein sentral del av kommunen si verksemd. Styringsgruppa syter for dei nødvendige ressursane, både i høve personale og økonomi.

Aktuelle saker som skal til politisk handsaming skal bli drøfta i styringsgruppa fyrst. Dette forumet skal berre halde seg til dei heilt overordna diskusjonane.

Som ein del av *Nærpolitireformen*, skal det lagast avtale om tenestetilbod mellom politiet og kommunen. Dette kjem i *tillegg til* politirådsavtala. I Vinje er avtalene under arbeid hausten 2018, men skal vera klare i løpet av utgangen av året, ev. like på nyåret 2019. I Vinje kommune legg me til grunn òi *politirådsavtale* og òi *samarbeidsavtale*, men avtalene byggjer på kvarandre:

### *Politirådsavtala*

Sjølve politirådsavtala blir i Vinje definera som den *formalisera avtala*: korleis politirådet er sett saman, og kva satsingsområder som blir vektlagt.

### *Samarbeidsavtale kommune og politi*

*Samarbeidsavtala* skal vera tufta på satsingsområda i *politirådsavtala*. Samarbeidsavtala syner konkret kva satsingar politi og kommune forpliktar seg til å følge opp, samt korleis.

## Arbeidsutvalet/nettverksgruppa

*Arbeidsutvalet skal vere eit organ som initierer eller set i gang førebyggjande tiltak eller prosjekt som er vedteke.*

Arbeidsutvalet fungerer også som *nettverksgruppe*. Dette var etter pålegg frå politimeistarens leiargruppe om å ha eit forum der politi og skule kunne treffast. Sidan Vinje SLT er godt etablert, og mange av dei same ressurspersonane sit her, fekk me løyve til å nytte arbeidsutvalet som nettverksgruppe. I ljøs av dette, består no gruppa av både *aktive* og *passive* medlemar. Alle medlemane har ansvar for å fremje saker, og alle får møteinnkallingar og referat. Skilnaden er at dei *passive* møter berre etter oppmoding, og dersom dei har meldt inn saker. Det viktigaste er at informasjonsflyten i gruppa er god.

Medlemane i arbeidsutvalet representerar si eining, og skal vere eit bindeledd mellom eininga, SLT - koordinator og arbeidsutvalet. Dette krev at arbeidsutvalets medlemar er oppdatert på det som skjer i eigen etat ved å innhente informasjon, og samtale med medarbeidarar som arbeider i fyrste line. Det same gjeld med tanke på å vera oppdatert kring ungdomsmiljøa og dei utfordringar me til ei kvar tid står overfor. Medlemar av arbeidsutvalet skal ha mynde til å disponere økonomiske midlar og personalressursar, slik at tiltak det er semje om, kan setjast i gang raskt. Medlemar av arbeidsutvalet skal ha ein fast vararepresentant til dei månadlege møta, og syte for vara ved forfall.

## Øvrige fora/team/tenestar i Vinje kommune

Det er viktig med eit naturleg fortløpande samarbeid både på saksfelt og i einskildsaker. Det kan til dømes nemnast at *ungdomsteamet* er lagt på is (2018) grunna få saker og liten kontinuitet. Sidan der finst andre typer grupper som fungerer godt, eksempelvis *barneteamet* (0 – 15 år), fann ein ingen hensikt i å vidareføre ungdomsteamet. Det blir etablert att dersom behovet melder seg. Under fylgjer ei liste over nokon kjende *grupper* i kommunen:

### *Barneteamet*

Målsetjing: «*barneteamet skal gjennom rettleiing hjelpe foreldre til å skape trygge rammer for barns oppvekst og utvikling*»

### *TIBIR*

*Tidlig innsats for barn i risiko* – identifisere, førebyggje og behandle atferdsproblem hjå barn, og deira familiar.



*COSP – Circle Of Security – foreldrerettleiingskurs*

Fleire i Vinje kommune har kompetansen til å rettleie i dette. Er eit tilbod som har blitt gitt i grupper, men også individuelt – «Mange foreldre synes det er utfordrende å gi barna sine trygghet og god oppvekst. Foreldreveiledningskurset Circle of Security (COS), trygghetssirkelen, skal gi dere som foreldre verktøy til å forstå bedre hvilke behov barn har, hvilke signaler de gir og hva vi kan gjøre for å møte disse behovene bedre.»

*Skulehelseteam*

Skulane sitt team – sett saman av helsesyster, psykisk helse, sosiallærer og skulesjef.

*SLT Arbeidsutval/nettverksgruppe*

Ref. s. 6-7 i denne planen.

*SLT Styringsgruppe*

Ref. s. 6-7 i denne planen.

## **KORLEIS FØREBYGGJE I VINJE**

### **Vinjeungdomen 2018!**

Hovudbiletet av ungdomane i kommunen, er at dei fleste har det bra! Me har ein aktiv, veltilpassa og heimekjær ungdom, med gode oppvekstvilkår. Dei er nøgde med foreldra sine, og heile 78 % har trua på at dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv! Dette kjem fram av tala etter Ungdata undersøkjinga, gjort våren 2018.

Likevel gjev ikkje dette oss grunn til og *ikkje* jobbe aktivt vidare med førebyggjande hensyn, og «problem» som allereie ligg føre. For nokon utfordringar har me, dei blir belyste under satsingsområda 2018 – 2021.

Førebyggjande arbeid kan definerast i følgjande nivå:

**Primærførebyggjande arbeid:** *Generell førebyggjing.* Det vil seie *strategiar* og *tiltak* som blir sett inn ovanfor barne -og ungdomsgruppa som heilskap, for å styrke oppvekstmiljøet og såleis hindre negativ utvikling på eitt eller fleire områder. Til dømes opplysnings -og haldningskampanjar. Dømesvis i samband med resultat av undersøkjingar som Ungdata.

**Sekundærførebyggjande arbeid:** *Strategiar* og *tiltak* ovanfor *einskildpersonar* eller *grupper* av barn og unge som det kan knytast bekymring til. Dette kan vere barn og unge som har kjende risikofaktorar og dermed kan bli definera som *utsette*. Tanken er å hindre vidareutvikling av sosiale problem, skader og helsesvikt, samt hindre utvikling av kriminell åtferd.

**Tertiærførebyggjande arbeid:** *Strategiar* og *tiltak* for å *hindre negative verknader* av problem, skader, helsesvikt eller kriminalitet som allereie er oppstått. Tertiærførebyggjande arbeid er knytt til *einskildpersonar*, og har som føremål å finne løysingar som kan betre forholda og

hindre forverring av problema – også kjend som begrepet «brannsløkking». Fokuset på køyring i ruspåverka tilstand kan leggjast under *tertiærførebyggjande arbeid*.

## MÅL

*Gjennom ei forpliktande samordning skal SLT sjå til at barn og unge har trygge oppvekstvilkår.*

Me vil arbeide med å få meir effekt ut av tiltak som allereie er sett i gang, ved at forskjellige etatar støttar og utfyller kvarande sitt arbeid. Slik skal kommunen sine barn og unge kunne få rett hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat som fungerer godt på tvers av etatar og faggrupper.

Slik gjer me det

- *sikre informasjonsflyt*
- *identifisere og definere ev. utfordringar*
- *kven skal jobbe med utfordringal-*ne* (eigarskap: kva eining/etat har hovudansvar?)*
- *korleis skal me jobbe med det? (konkretisere)*

## MÅLGRUPPE

**Generelt:** *Alle barn og unge under 18 år*

**Tillegg:** *Dei føresette er særdeles viktige i det førebyggjande arbeidet, og kan såleis definerast som ein del av målgruppa*

**Spesielt:** *Born og unge som*

- *veks opp under vanskelege forhold/utsette for omsorgssvikt*
- *gjer lovbrøt*
- *gjer / er i faresona for å gjere handlingar som er til skade for seg sjølv eller andre*

## VINJE SLTs SATSINGSOMRÅDER 2018 – 2021

**Kva avgjer satsingsområdet**

- Ungdata undersøkjinga (utførast kvart 3.år)

*Hovudutdrag frå 2018:*

- *psykisk helse*
- *haldningar*
- *rusmiddel*
- *nettvett*
- *vald*
- Informasjonsutvekslinga i møta
- Media/samfunnsdebatten

**Ungdata** er ei levekårsundersøking som er gjort i ungdomsskulen i Vinje våren 2015 og våren 2018. Undersøkinga tek opp dei fleste aspekt i ungdomane sitt liv, og gjev eit bilete av korleis situasjonen er i vår kommune. Undersøkinga er nasjonal og blir såleis eit godt kartleggingsverktøy å bruke til samanlikning med andre kommunar, fylker eller landet generelt.

Ein kan sjå endringar i ungdomsgruppa i intervallet mellom undersøkingane i 2015 og 2018. Til dømes ser ein at fokuset på den psykiske helsa har gitt utslag i at fleire tør å erkjenne at dei slit. Det kjem fram av Ungdata-tala at ein del unge slit med psykiske plager i kvardagen. Mellom anna oppgir 22 prosent at dei har vore *ganske mykje plaga*, eller *veldig mykje plaga* av einsemd i løpet av den seiste veka (veka før undersøkinga våren 2018). Landsgjennomsnittet ligg på 20 prosent. Psykisk helse er difor eitt av hovudutdraga etter bearbeiding av årets Ungdata gjennomføring.

Problematikken kring køyring i ruspåverka tilstand er framleis eit faktum, og det er viktig at dette blir jobba meir med slik at dei føresette og ungdomane blir meir bevisste på *gode val* og *verdiar*, og at der kan skje ei haldningsendring i høve køyring og rus. Dersom ein kan påverke dei unge til å stå saman for å bidra til eit trygt samfunn, er dette gode krefter i førebyggjingsprosessen.

**Informasjonsutvekslinga** i utvalsmøta er essensiell for å vita kva som *rører seg* der ute. Utvalsmedlemene har god tillit til kvarandre, noko som gjer terskelen lågare for å ta opp saker til drøfting. Sakene handlar då om dømesvis bekymringar for eit miljø eller andre utfordringar på generell basis.

**Media** og **samfunnsdebatten** er også med på å styre retninga på satsingar i det førebyggjande arbeidet. Trender i samfunnet påverkar også små miljø som i Vinje, om det er neagtive eller positive trendar. Difor er det naudsynt å ha eit lite overblikk over samfunnet generelt.

Media kan vera ein god medspelar for å få fram budskap. Difor skal Vinje SLT ha god dialog med lokal avis, og gjera dei kjende med vårt arbeid og satsingsfelt. Før utføring av Ungdata, til dømes, skal det skapast ein kontakt med lokalavis (spesielt), for å informere om at dette skjer, plan vidare, og at SLT vil ta kontakt når me har klargjort data og det me vil presentere – me skal vera *proaktive*.

#### **Vedtak i Politiråd 27.sept 2018 om hovudsatsing:**

<p><b>Politirådet ber om at det blir sett inn større tiltak på førebyggjing av køyring i ruspåverka tilstand.</b> <b>I det ligg også at rådet ber politiet prioritere fleire kontrollar.</b></p>
--

## LOVVERK

### FNs barnekonvensjon

Dette er konvensjonen som omhandlar barns rettigheter ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)).

Syner til kortversjon av konvensjonen ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)) nr. 41 om at «dersom andre nasjonale eller internasjonale lover som staten har vedteke, sikrar barnet betre enn med denne konvensjonen, gjeld desse lovene, og ikkje konvensjonen».

Nr. 42, «staten har plikt til å gjere innhaldet i konvensjonen kjend for barn og vaksne».

### Oversyn lovar

Dei ulike partane i SLT samordninga har forskjellige lovdata å ta omsyn til. Noko er overordna for alle (FNs barnekonvensjon), medan andre lovar gjeld spesielt for den enkelte profesjon.

**Plan –og bygningslova** inntretr som ei aktuell lov, gjennom §3-1, fyrste ledd, bokstav f. Frå 2009 forplikta denne lova kommunale planleggjarar til å ta kriminalitetsførebyggjande hensyn i planprosessane. Dette med bakgrunn i at vald, trakassering, mobbing og rus oftast skjer der bygg eller vegetasjon skaper blindsoner utan oversikt. Lovbrytarar søker seg ofte til dei stadene med enkel adkomst, gode skjulestader, mange alternative fluktruter, dårleg belysning og lite ferdsel – gjerne i randsoner med forfalne omgivnader som røpar at ingen tek ansvar for området. No er det altså ei plikt i kommunal planlegging å ta omsyn til dette når ein planlegg nye bustadområder, områder for næringsverksemd, skular og anna.

Lov om handsamingsmåten i forvaltningssaker, **forvaltningslova**, gjeld for kommune og stat. §1 (lovas generelle virkeområde) seier blant anna at «loven gjelder den virksomhet som drives av forvaltningsorganer når ikke annet er bestemt i eller i medhold av lov. Som forvaltningsorgan reknes i denne lov et hvert organ for stat eller kommune.»

Barnevernsamarbeidet i Vest – Telemark syner til **Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100)**, som regulerar barneverntenesta sitt arbeid i kommunen.

Helsesektoren er knytt til

- **Helse –og omsorgstenestelova** (LOV-2011-06-24-30)
- **Helsepersonellova** (LOV-1999-07-02-64)
- **Lov om endringar i pasient- og brukarrettslova, helsepersonellova m.m.** (styrking av rettsstillinga til barn ved yting av helse- og omsorgstenester m.m. LOV-2017-06-16-53)
- Ulike forskrifter frå **Helse –og omsorgsdepartementet**.

**Politi-lova** (LOV-1995-08-04-53) gjeld for politiet, der ansvar og mål kjem fram av §1 – «Staten skal sørge for den polititjeneste som samfunnet har behov for. Polititjenesten utføres av politi –og lensmannsetaten. Politiet skal gjennom forebyggende, håndhevende og hjelpende virksomhet være et

*ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettssikkerhet, trygghet og alminnelige velferd for øvrig».*

## PLANVERK

### Kommuneplanens samfunnsdel 2016 – 2035

Vinje kommune sin visjon er: «*Vinje utfordrar framtida!*»

*(Komm.plan/ samfunnsdelen s.3)*

Vidare seier planen at hovudsatsingsområdet i samfunnsdelen er: «*Vinje – ein god stad å vera for alle*» *(Komm.plan/samfunnsdelen s.4)*

Dette er gode utgangspunkt for SLT sin verksemdsplan, samt anna planarbeid i kommunen. Innan 2035 er til dømes eitt av måla i samfunnsdelen at *barn og unge har trygge oppvekstvilkår og gode, utfordrande leike –og meistringsarenaer*. For å sikre dette, blir nettopp det førebyggjande arbeidet viktig.

### Kommunedelplan for helse og omsorg 2017 – 2030

Dette er eit samla plandokument for helse –og omsorgstenestane i Vinje, og det fyrste i sitt slag i kommunen. Kommunale helse –og omsorgstenestar har fått nye oppgåver og utvida ansvar. Planen skildrar mellom anna lokale tenestar, satsingsområder, mål, strategiar og tiltak, for å nemne noko.

### Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2016 - 2019

Denne planen er ikkje direkte tenkt som ein del av ein kommunedelplan, men ein ser relasjon til fleire andre planar i kommunen; *kommunedelplan for helse og omsorg 2017 – 2030*, som igjen refererar til bl.a. *samhandlingsreforma* (St.meld. nr. 47, 2008 – 2009).

Handlingsplanen *bør også gå hand i hand med SLT plan* (utdrag av handlingsplanen). Vald i nære relasjonar er sett på dagsordenen i kommunen, og barnehagane har vore pådrivar for å sikre ein kontinuitet i dette arbeidet. Det er vedteke i SLT at det annankvart år skal arrangerast ei temaveke med «*vald og overgrep i nære relasjonar*» som overskrift. I året mellom kvar temaveke skal det vera ulike innslag inn i barnehage og skule. Eksempelvis skal vinjebarnehagen gjennom kursing i traumebevist omsorg og korleis kommunisere med barn/den vanskeleg samtala. Fleire pedagogar skal gjennom ferdighetstrening – korleis snakke med barn. Dette er direkte knytt opp mot denne satsinga.

### Alkoholpolitiske retningslinjer 2016 - 2020

Det står i innleiinga for retningslinjene at *Vinje kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer skal sikre ansvarleg alkoholhandtering ved å*

- *regulere tilgjenge*
- *sette vilkår for sals- og skjenkeløyver*
- *føre kontroll med løyvehavarane*

Kommunen sine retningslinjer tek utgangspunkt i lov og forskrift, i tillegg til kommunale alkoholpolitiske prioriteringar slik dei kjem fram i alkoholpolitisk handlingsplan. Her er **alkoholova** sentral (LOV-1989-06-02-27, Helse –og omsorgsdep.), samt **alkoholforskrifta** (FOR-2005-06-08-538, Helse –og omsorgsdep.)

Kommunen har praksis for vedtak om sals- og skjenkeløyver. Her er det viktig med kjennskap til ungdomskultur og 'ruskultur' i høve korleis ein bør regulere løyva. Korleis bør det vera i høgtider til dømes?

### SLT – Tiltaksplan

Tiltaksplanen er ei utdjuping og konkretisering av mål og satsingar i verksemdsplanen. Dokumentet rullerast årleg og følger skuleåret. Tiltaksplanen syner kva tiltak me har i kommunen som fell inn under hatten *førebyggjing*; alt frå skulematordninga til tilskipingar.

### SLT – Undervisningsplan

Barnehagane og skulane har ansvaret for den årlege rulleringa av denne planen. Undervisningsplanen er eit supplement til skuleruta, og gjev eit oversyn over ulike tema i barnehage og skule, kven som har ansvaret for gjennomføring, og kva faglege ressursar som trengst. Plandokumentet er felles for *vinjebarnehagen* og *vinjeskulen*. Her har ein eit godt knippe fagfolk gjennom samordninga (SLT). Som eit døme blir politiet bruka som ressurs til temaet *lovbrot og konsekvensar*, i ungdomsskulen, særleg kring temaet køyring og rus. Her kan ein relatere til det haldningsskapande arbeidet.

# STYRKAR, SVAKHEITER, MOGLEGHEITER OG TRUGSLAR FOR SLT ARBEIDET

## Styrkar (internt)

- Få utskiftingar i gruppa gjer at ein får betre tillit til kvarande – lågare terskel for å ta opp saker
- Innarbeidd SLT modell
- Oppdatera planverk og føringar
- Forankring på høgste nivå
- Fleiretatleg samarbeid – samkoordinering av ressursar
- Fekk logo på nynorsk i 2018!

## Svakheiter (internt)

- Fleiretatleg samarbeid – utfordrande med møteplan å finne møtedatoar som høver for alle
- Teieplikt

## Moglegheiter (eksternt)

- Små forhold gjer at tilhøva for tettare samarbeid ligg til rette
- Jobbe med SLT som ei 'merkevare' – gjera samordninga meir kjend for alle! Bevisstheit kring kva gruppa står for.
- Utvikle modellen vidare lokalt – gjera den «overførbar» til andre kommunar
- Påverke strukturen i nærpolitireforma i kraft av vår samhandling
- Henge med i den teknologiske utviklinga og digitalisering

## Trugslar (eksternt)

- Stor kommune arealmessig – store avstandar – ikkje alltid like enkelt m.t.p møteverksemd
- Samfunns –og kriminalitetsutviklinga
  - Kriminaliteten seiste tiåret har bevega seg meir frå den fysiske til den digitale verda  
(henta frå *rapport frå Sør – Øst politidistrikt 2018*)

## KJELDER

**KFK** <http://kriminalitetsforebygging.no/slt/politirad/>

**Kommuneplanens samfunnsdel 2016 – 2035** <http://www.vinje.kommune.no/andre-kommunale-planar/vedtekne-planar/kommuneplanens-samfunnsdel>

**Kommunedelplan helse og omsorg 2017 – 2030** <http://www.vinje.kommune.no/andre-kommunale-planar/vedtekne-planar/kommunedelplan-for-helse-og-omsorg-vinje-kommune-planperiode-2017-2030>

**Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2016 – 2019** <http://www.vinje.kommune.no/andre-kommunale-planar/vedtekne-planar>

**Alkoholpolitiske retningslinjer 2016 - 2020** <http://www.vinje.kommune.no/andre-kommunale-planar/vedtekne-planar>

**Rapport frå Sør – Øst politidistrikt 2018**, om «Kriminalitet i og mot næringslivet – Trender og trusler»

**COSP – rettleiing** [https://www.bufdir.no/Familie/Tilbud/Regionene/circle\\_of\\_security/](https://www.bufdir.no/Familie/Tilbud/Regionene/circle_of_security/)

**Regjeringen.no** <https://www.regjeringen.no/no/id4/>

**Lovdata** <https://lovdata.no/>

**Ungdata Vinje 2018** <http://www.ungdata.no/Fylker-og-kommuner/Telemark/Vinje>